



Studentrådet SU

## REFERAT

Studentrådet SU sitt møte 11.09.18 kl 16.15 på Dragvoll

Møteleder: Åste Solheim Hagerup  
Ordstyrer: Åste Solheim Hagerup  
Referent: Elin Juliussen

### *Studentrådet SUs medlemmer:*

FTV A	Karoline Abildsnes
FTV D	Åste Solheim Hagerup
FTV C	Erlend Oldebråten Nilsen
GEO	Vibeke Uthaug
GEO	Victoria Thorgersen
SOSANT	Lone Bergland Christoffersen
SOSANT	Maria <b>Victoria</b> Silva
ISS	Iver Matias Linge Glomnes
ISS	Mathilde Breda Enkerud
ISS	Trine Øverås
IPL	Simen Aakre
IPL	Steffi Schenzle
ISA	Patrycja Agnieszka Sudol
ISA	Ingvild Flornes Rustad
PSYK	Aase Martens
PSYK	Ida Maria Brennhaugen
PSYK	Anette Bach Haugen
HTV SU	Brage Lauten
ILU	Camilla Sagelv Øyen
ILU	Torkil Seljestokken

### *Meldt fravær:*

FTV B	Lars Bjørnar Vist
IPL	Magnus Landheim
ILU	Kristian Vinnelrød

### *Ikke møtt:*

ISA	Kristina Ekhorn
-----	-----------------

### *Observatør:*

Styret	Siri Arnesen
--------	--------------

### **Konstituering av møtet**

Innkallingen ble godkjent, møteleder, ordstyrer og referent valgt.  
Saklista ble godkjent.

**Ref-sak 08/18 Godkjenning av referat 28.08.18**  
Referatet ble godkjent med noen endringer.

**Ref-sak 09/18 Saker fra studenttillitsvalgte, orientering fra FTVen**  
Dette ble flyttet til evaluering av møtet

- SU-sak 22/18 Pedagogiske komiteer høsten 2018**  
Dette var avklart før møtet.
- SU-sak 26/18 Høring - Forslag til reviderte retningslinjer – behandling av fuskesaker**  
Åste orienterte om høringa og gikk gjennom den avsnitt for avsnitt.  
Høringsuttalelsen vil bli lagt ved referatet fra dette møtet.
- SU-sak 27/18 Høring - Ny forskrift om godskriving og fritak i høyere utdanning**  
Erlend orienterte om høringa og den ble noe forvirrende da det manglet et vesentlig dokument. Siri hadde dette klart så alle fikk lest gjennom det og så ble det diskusjon og innspill.  
Høringsuttalelsen vil bli lagt ved referatet fra dette møtet.
- SU-sak 28/18 Eventuelt**  
Åste vil at alle ITVer skal lage en oversikt over alle møter de deltar i på instituttene og sender til henne.  
Til neste studentrådsmøte skal alle ha tenkt gjennom om de har noen kandidatforslag til NTNUs Utdanningspris 2018.  
Minner om at det skal være PTVer i alle studieprogramråd. Hvis ikke så må dette velges.
- HTV har fått ny egen HTV-mailadr.: [htv@studentrad.org.ntnu.no](mailto:htv@studentrad.org.ntnu.no)  
Har organisert lektorsiden på instituttsidene
- ILU har vært på ledermøte, pilot, seminar
- IPS Bra møte  
Har vært på ledergruppemøte, har kommet godt i gang, skal velge til profesjonsrådet
- ISA vært i møte med inst.leder, har intervjuet en student, vært på seminar og diverse møter  
Bra møte
- Sosant Har to nye ITVer, har snakket med linjeforeningen om valget av PTVer  
Bra møte
- ISS Har hatt kontorvakt, sjekker ut om PTVene  
Bra møte
- ILU Bra møte  
Kipt å ikke ha fått alle papirene til høringa
- Siri Styret Bra møte  
Skal sjekke om alle papirene blir utsendt fra STi neste gang  
Har vært i diverse møter
- FTV Karoline Har planlagt og vært på seminar  
Greit møte
- FTV Erlend Vært på mange møter. Har planlagt og vært på seminar  
Kipt med manglende papirer
- FTV Åste God debatt og gode innspill  
Har planlagt og vært på seminar. Har vært på diverse møter
- Elin Orienterte om vår felles mailadresser

**Evaluering av møtet**

Innspillene tas til etterretning

Møtet ble hevet kl 18.07

*Åste Solheim Hagerup*  
møteleder (sign.)*Elin Juliussen*  
referent (sign.)



**Studentrådet SU**

Til:	Studenttinget				
Frå:	Studentrådet SU				
Kopi til:					
Gjelder:	<b>Høyring om ny forskrift om godskriving og fritak i høgare utdanning</b>				
Saksbehandlar:	Karoline Abildsnes				
Dato:	12.09.2018	Signatur:		Arkiv:	12/18/2.4/KA

**Saken har vert på høyring i møte med Studentrådet SU 11. september 2018. Studentrådet SU har følgande innspel:**

I dokumentet er der ikkje nemnt nok om eventuell frist for når studenten må sende inn søknad om fritak. Dersom det eksisterer ein slik frist, bør dette presiserast i forskrifta. Vidare står der skrive avslutningsvis for §2 a) at «Å godskrive innebærer at studenten ikke må ta tilsvarende beståtte emner, fag, eksamener eller prøver på nytt, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-5 første ledd.». Om praksis i høgare utdanning inngår i dette er ikkje nemnt. Slik vert det uklart om ein kan godskrive praksis. Dette meiner vi i alle tilfelle at bør presiserast i forskrifta. I §6 finn vi bruken av «i forhold til» er forvirrande. Her vil det vere meir hensiktsmessig å til dømes bruke ordet «jamfør» - gitt at dette er korrekt tolking av setninga.



Studentrådet SU

Til:	Studenttinget				
Frå:	Studentrådet SU				
Kopi til:					
Gjelder:	<b>Forslag til reviderte retningslinjer – behandling av fuskesaker</b>				
Saksbehandlar:	Karoline Abildsnes				
Dato:	13.09.2018	Signatur:		Arkiv:	00/00/2.4/XX

**Denne høyringa var oppe som sak på møte i Studentrådet SU 11. september 2018. Vi har valt å gå gjennom og kommentere høyringsnotatet kapittel for kapittel, og høyringssvaret er strukturert deretter. Kapittel der vi ikkje har innspel til endring vil ikkje bli kommentert. Avslutningsvis er dokumentet kommentert på eit meir overordna nivå.**

Under «Universitets plikt til å informere – studentenes plikt til å vite» kan det verke for ei slags ansvarsfråskrivning frå professorar, når det står at «manglende kjennskap til reglene om fusk fritar ikkje for ansvar». Sjølv om informasjonen skal vere tilgjengeleg på internett, kan det med fordel også vere ein del av professor sitt ansvarsområde å opplyse studentane om.

I kapittel 1.2 kan det gjerne presiserast at bøker og liknande (tillatne) hjelpemiddel skal bli gjennomgått før eksamen vert avlagt. Under *a) Eksamen under tilsyn* kan det vere lurt å inkludere bruk av smartklokker og skrift på kropp, som døme på ulovlege hjelpemiddel.

Kapittel 1.4 tek føre seg konsekvensar etter universitets- og høgskulelova. Det går ikkje tydeleg fram kva som vert meint med dei «minst alvorlige tilfeller av fusk», sjølv om det vert påpeika at annullering av eksamen kan nyttast som konsekvens for desse. For klarheita si skuld, kan dette presiserast eller konkretiserast meir. Det kan også nemnast her klagenemnda si moglegheit for å utøve skjønn i si vurdering av dei ulike tilfella.

I kapittel 1.5 finn vi det vanskeleg å skaffe oss eit klårt bilete av kor grensas til medverknad av fusk går. Til dømes skal det jo vere lov å utveksle tankar og idear under heimeeksamen. Det kan gjerne presiserast at eksamensvakt eller andre aktørar enn medstudentar også tel med når det kjem til medverknad til fusk.

Det stillast spørsmål til om det bør telle som eit forsøk, dersom ein student vert mistenkt for juks under eksamen og det ikkje er tilfelle – altså om studenten vert uskuldig mistenkt. Dette grunnast i momenta som knytast til stress og liknande ved ei slik skulding, slik at det kan bli vanskeleg å fullføre eksamen for studenten.

I del 2.1 bør lovbøker inkluderast i lista over ulovlege hjelpemiddel. 2.4 bør legge til ei presisering av at juks kan ha ei tilbakeverkande kraft på arbeidskrav ein har avlagt det gjeldande semesteret, samt ei eventuell avgrensing av kor lenge ein vert ståande i RUST. Det er ikkje gjort greie for forkortinga FS. Det vert stilt spørsmål til om det framleis heiter Sør-Trøndelag tingrett etter fylkessamanslåinga.

Som meir overordna kommentar på dokumentet etterlyser vi at forhold med bruk av prestasjonsfremjande middel inkluderast i regelverket, i lys av resultata frå SHOT-undersøkinga. Det kjem heller ikkje tydeleg fram om det same regelverket er gjeldande dersom ein vert teken for juks i utlandet (på utveksling).